



Vang kommune

Advokatfirmaet Bull
Postboks 6604 St. Olavs Plass
0129 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LUNING-2022004457 -17

Arkiv:

K2-M10

Vår dato:

02.07.2026

Saksnr.	Utval
130/26	Hovudutval for utvikling

Behandling av klage - avvisningsvedtak

Saksopplysningar

Vang kommune sende 20.05.2026 eit orienteringsbrev til eigarar innanfor reguleringsplanane Haugastølen og Solsteinslie. Formålet med brevet var å informere om status for vassforsyninga i området og om kommunen si rolle som plan- og bygningsmyndigheit. Brevet omtalar dei utfordringane kommunen har med kapasitet i eksisterande vassforsyning og konsekvensane dette kan få for framtidige byggesaker. Brevet presiserer at vurderingar i den enkelte byggesak må gjerast konkret, basert på dokumentasjonen som ligg føre i den aktuelle saka.

10. juni 2026 mottok kommunen klage på orienteringsbrevet frå advokatfirmaet Bull på vegne av Grindafjell AS. Klagar meiner at orienteringsbrevet reelt sett må reknast som eit vedtak om byggjeforbod, eller som eit enkeltvedtak som avgjer rettsstillinga til eigarar innanfor planområdet. Klagar meiner vidare at brevet har direkte verknader for moglegheita til å utvikle eigedomar i området, og at brevet difor må kunne klagast på. Det er også vist til at brevet etter klagar sitt syn er ugyldig mellom anna på grunn av manglande varsling og manglande involvering av råka partar.

Orienteringsbrevet frå kommunen og klagen ligg vedlagt.

Vurdering

Etter forvaltningslova § 28 kan enkeltvedtak bli klagt på. Eit enkeltvedtak er etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b eit vedtak som gjeld rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Kommunen kan ikkje sjå at orienteringsbrevet inneheld ei slik avgjerd.

Brevet tek ikkje stilling til nokon konkret byggesøknad. Det gir ikkje løyve eller avslag på eit tiltak, og det fastset heller ikkje rettar eller plikter for dei som har motteke brevet. Brevet er av informativ

karakter og beskriver kommunen si vurdering av den faktiske situasjonen knytt til vassforsyninga og kva betydning dette kan få ved framtidig behandling av byggesaker.

Kommunen er ikkje samd i at brevet inneber eit bygge- eller deleforbod. Brevet etablerer ikkje nye materielle restriksjonar eller nye rettsreglar. Eventuelle framtidige søknader må behandlast etter gjeldande regelverk og vurderast konkret på grunnlag av dokumentasjonen som ligg føre i den enkelte saka. Dette går også uttrykkeleg fram av orienteringsbrevet.

At kommunen i brevet orienterer om at nye søknader kan bli avslått dersom kravet til tilstrekkeleg vassforsyning ikkje er oppfylt, medfører ikkje at brevet i seg sjølv er eit vedtak. Grunnlaget for eventuelle framtidige avslag vil vere plan- og bygningslova og den konkrete vurderinga som blir gjort i den enkelte byggesak.

Sidan orienteringsbrevet ikkje er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b, ligg det ikkje føre klagerett etter forvaltningslova § 28. Kommunen finn difor at klagen må avvistast.

Vedtak

Vang kommune avviser klagen på orienteringsbrev datert 18.05.2026 med heimel i forvaltningslova § 33 andre ledd, jf. § 28.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på, jf. forvaltningslova (fvl.) § 28. Eventuell klage må leverast skriftleg til kommunen innan tre veker etter at vedtaket er gjort kjent, jf. fvl. § 29.

Med helsing

Ingeborg Lunde

Kommunalsjef landbruk og teknisk

Dir. tlf.: 992 30 305

E-post: ingeborg.lunde@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

2026-06-10 Klage på vedtak pva Grindafjell AS - byggeforbud	299095	02.07.2026
Orientering om vasskapasitet – konsekvensar for byggesaksbehandling	299096	02.07.2026